

## Tilpassing av importord i norsk talemål

### 1. Norvagisering

Norsk språknormering har siste tiåra fleire gonger hatt som stridstema spørsmålet om korleis ein skal behandle moderne importord i skriftspråket. Eldre importord er for det meste blitt tilpassa den norske ortografiske tradisjonen, som når f.eks. *jaloux* og *bureauchef* no blir skrivne *sjalu* og *byråsjef*. Dette er ein skrivemåte som er i samsvar med norsk uttale. Men importord frå tida etter andre verdskrigen – og det vil seie mest engelske importord – er sjeldnare blitt tilpassa på tilsvarande måte. I diskusjonane om korleis ein skal gå fram, og kva tid ein skal gjere noko med skrivemåten av desse importorda, blei det på 1980-talet framheva at ein bør vente til ordet har "fått en fast eller iallfall dominerende uttale, så en vet hva stavemåten skal gjengi" (Lundeby 1987).

Bak denne argumentasjonen for å vente med endringar i skrivemåten har det altså lege ei førestelling om at orda blir tilpassa norsk med tida, men òg om at det er noko tilfeldig over korleis uttalen blir. Derfor må ein "vente og sjå". Dette er nok uttrykk for at ein eigentleg visste lite om kva som skjedde med importorda, for på dette området har nesten ingenting vore systematisk undersøkt. Ved nærare gransking kan ein derimot sjå mønster for tilpassinga. Dèt kan ha følgjer for normeringspolitikken, og dessutan har det eit interessant lingvistisk perspektiv: Den spontane tilpassinga til fonologi og morfologi er ein prøvestein på kor stort systematiseringsbehovet er i språket, altså på kor viktig den språklege strukturen er.

Det som skjer i tilpassingsprosessen, er at ordet blir gjort heimleg. Når ordet mistar sine utalandske kjennemerke i både tale og skrift, kallar vi det *norvagisering*, til forskjell frå *fornorsking*, som blir brukt om å setje inn avløyserord (f.eks. *kollisjonspute* og *støtteark* for *airbag* og *handout*). Nedafor skal vi sjå på norvagiseringa i talemålet, korleis

importorda tilpassar seg norsk språkstruktur, og om og ev. *korleis* dei endrar den norske språkstrukturen.

### 2. Stabil struktur

Første systematiske granskinga av geografiske mønster i uttalen av moderne importord blei gjennomført i 1997, og ho er referert i *Lånte fjører eller bunad?*, som var ei utgreiing for Norsk språkråd og Kulturdepartementet (Sandøy 1997). Hovudkonklusjonen der er at tilpassingsgraden er stor, men at orda sjølvstøtt treng ein tilpassingsperiode. Ein merknad som kom frå fleire informantar, var at dei lét vere å bruke visse moderne importord nettopp fordi dei var usikre på korleis orda burde uttalast, f.eks. at "Uttalen [tækxi] er litt spesiell, så eg seier helst *drosje*". Oddrun Grønvik (1991: 159 og 161) omtaler det ho kallar "omgåingsstrategiar", nemleg at folk prøver å sleppe unna dei utalandske orda, og ho viser til erfaringar frå eit parfymeri der kundane stiller omtrentlege spørsmål for å unngå dei vanskelege produktnamna.

Typisk er det også at informantane er usikre på korleis dei sjølve faktisk uttaler moderne ord, mens dei kan ha svært faste meiningar om korleis dei uttaler tradisjonelle ord. Det er altså ikkje knytt nokon regional identitet til uttalen av importorda slik det er til dialekten elles.

Slik må ein rekne med at sjølve importfasen viser stor vakling. Orda treng ofte tid for å tilpasse seg, men det skiftar mye kor lenge det tek. *Raft* og *fax* blei straks til [ˈrafte] og [ˈfakse] på norsk, mens *manager* framleis er uttalt på engelsk etter å ha vore kjent i over ein mannsalder. Etter den vaklande importfasen føyer tilpassinga seg inn i eit mønster, og granskinga frå 1997 viste også at det var visse geografiske forskjellar i desse mønstra. Dette kan tolkast slik at det er ein del av språkkompetansen vår å finne ut korleis orda skal meislast til for å passe inn i den etablerte språkstrukturen. Men visse strukturkonfliktar oppstår, som vi skal sjå.

### 3. Strukturutfordringane

#### 3.1. Foneminventaret

Det første spørsmålet vi kan stille oss, er om ordimporten skiplar – i praksis aukar – foneminventaret i språket.

## Monoftongar

Inventaret av monoftongar i norsk er ikkje blitt påverka av importorda, men det er eitt "nesten-unntak": Engelsk kort [æ] (som i *bag*) har etter andre verdskrigen i Oslo-området fått eit tilsvar som bryt med det eldre fonologiske mønsteret i dialekten. Før krigen gjekk engelsk [æ] over til kortallofonen av /e/, nemleg [ɛ] – når han ikkje blei erstatta av /a/. For eksempel gjekk det engelske fotballordet *back* inn i den tradisjonelle strukturen: [bɛk]. Fleire andre ord følgde same mønsteret, f.eks. *jekk* og *penteri*. Åsta Stene oppdaga kring 1940 ein viss tendens til at importord som da var heilt moderne, blei uttalte med [æ] i Oslo. Stene, som begynte før krigen å arbeide med ei doktoravhandling om engelske ordimport, rekna opptak med /e/ som det normale og kommenterer at 1938-rettskrivinga innførte *metsj* og ikkje *matsj*: "in order to be consistent with current pronunciation" (1945: 83). Ho byggjer på riksmålstale hos folk med "secondary school". Side 102 kommenterer ho at ein meir engelsk uttale med [æ] finst:

this sound is heard in *camping* ['kæmpɪŋ], *champion* ['ʃæmpjən], *crash* [kræʃ], *gangster* ['gæŋstər]. Words with this sound stand out as foreign in N riksmål. ... In N riksmål the pronunciation with [æ] is not very stable, though, and most of the words that have this pronunciation also have variant forms with the closer sound [ɛ], ... The pronunciation with [æ] is an intermediate stage in the process of formal assimilation of foreign words to the N system, and will probably be followed by pronunciations with [ɛ] that fit into the system.

Men det blei ikkje "an intermediate stage". Etter krigen har det nye mønsteret med [æ] etablert seg i Oslo-området, dvs. at mens ordet *back* rimar på arveordet *sekk* [sek], rimar ikkje det nyare *bagg/bag* på noko norsk ord – som f.eks. *vegg*. Det heiter altså [bæg], men [væg]. Dermed har denne dialekten fått endra fonotaktisk struktur, men likevel ikkje slik at ein treng rekne med eit nytt fonem, for fonemet /æ/ fanst frå før, berre med svært avgrensa distribusjon: /æ/ stod einast framom /r/ og retrofleksar, som i *verken* og *fæl* ['værken, fæ:r]. No får dette fonemet utvida, truleg total distribusjon.

I norsk elles er det vanlege mønsteret at dei moderne importorda med kort [æ] i opphavsspråket engelsk, fell saman med uttalen av

fonemet /e/ i kort posisjon, og den uttalen kan variere frå [ɛ] til [æ]. Dermed rimar både *back* på *sekk*, *bagg* på *vegg* og endatil *taksi/taxi* på *sexy*! Unntak frå dette er dialektane i Agder-området, som har ein sterk tendens til å la engelsk [æ] bli tolka som norsk /a/. Jamfør elles kartet.

Desse ulike mønstra for fonemisering har i den offentlege språknormeringsdebatten skapt litt forvirring, for tilnærma same lyden, altså ein [æ]-liknande lyd, kan tilhøre ulike fonem og må dermed stå i ulike rimpar. I avisinnlegga nedafor reknar skribentane tydeleg si eiga dialektale fonemisering som den opplagt allmenne for norsk. Dei to første har fonemisering til /e/:

Nå vil man i stedet skrive 'kaps', som jo i beste fall må sies å være en merkelig blanding av [...] engelsk og norsk skrivemåte. Og hva med ordet 'snackbar'? Nå blir det kanskje hetende 'snakkbar'. Hadde det vært 'snekkbar', kunne det i det minste gått an å forstå. Slik det ser ut nå, går imidlertid fornorskingen [her i betydninga 'norvagisering'] over alle grenser. (Lars Olve Hesjedal, *Bergensavisen*, 4.2.96.)

Når så talemålet skal være med på å norvagisere utenlandske låneord, er det ikke sikkert det er min naturlige vokal som blir brukt. Sier vi sjabby eller sjabby i Rogaland? Kanskje rett og slett sjebbi? Nå skal det skrives sjabby eller fortsatt shabby (som på engelsk). (Leiar i *Stavanger Aftenblad* 20.1.96.)

Til slutt kjem Oslo-dialekten med /æ/ fram:

Og hvordan kan Språkrådet foreslå skrivemåten 'fansi' for 'fancy'? Det må da hete 'fænsi' om uttalen skal være avgjørende! (Egil Eikseth, *Dagbladet* 8.2.96.)

Fleire ord frå første halvdel av 1900-talet har fått uttale med [a] over heile landet, dvs. at ein til slutt følgde skriftbiletet. Slik er det i f.eks. *jass*, *jamme*, *takle*, *krakk*, *transe*, *handikapp*, *frilans* osv. I den skriftlege norvagiseringa har den engelske [æ]-en vore største problemet; Norsk språkråd kom til at ord med denne vokalen skulle skrivast med *a*, og dermed håper det på at ein uttale med *a* sigrar i det lange løp. Det har altså skjedd før.

Dei fleste andre monoftongane føyer seg lett og tydeleg inn i faste landsdekkjande mønster, f.eks. engelsk [ɛ] til norsk /e/ som i *head* til *hedde*, [u:] og [ʊ] til /u/ som i *scooter* og *put* til *skuter* og *putte*, [ɜ:] til /ø/ som i *service* til *sørvis*, og [ɔ:] og [ɒ] til /å/ som i *crawl* og *squash* til *krål* og *skvåsj*. Men i nokre tilfelle finst det anten tendensar til geografisk ulike mønster eller til stor individuell variasjon: Engelsk [ʌ] blir nok oftast til /ø/ i norsk, som i *puck*, *pumps*, *stunte* og *lunsj*, men

både disse og mange andre ord får på Vestlandet ofte uttale med /w/. Tendensane er meir og mindre sterke i ulike ord, men u-uttalen står sterkt nok til at Språkrådet igjen har gått inn for å følgje den engelske skrivemåten i dei norvagiserte formene, altså med vokalen *u*.

### Diftongar

Dei tre gamle diftongane *ei*, *øy* og *au* er etter norrøn tid blitt tillagde ein fjerde, *ai*, men orda med denne diftongen har ikkje vore mange. Eldst er vel *mai*, *hai* og personnamnet *Nikolai*. Dei tidlege engelske importorda med [ai:] blei ikkje overførte til norsk /ai/, derimot til *ei*, f.eks. engelsk *strike* og *tight*, som blei til *streike* og *teite* (= 'stramme ein skrue'). Siste tiåra har ord av denne typen derimot fått *ai*-uttale, og første norvagiserte ordet i skrift med *ai* var *haike* av engelsk *hitch-hike*. Seinare har vi fått *taime*, *faite* og *gaide* (eng. *time*, *fight*, *guide*) med fast *ai*-uttale. Det var lenge også svært vanleg at importorda skrivne med *ai* og *ay* på engelsk fekk norsk uttale med *ai*, f.eks. *trailer* og *spray*, sjølv om den engelske uttalen er med [ei]. Nyare importord med denne diftongen, som *display*, får no mest berre *ei*-uttale.

Mønsteret i dag er altså at der engelsk har *ei*-uttale, der får også norsk det – uavhengig av skrivemåten i engelsk. Såleis heiter det f.eks. berre *teip* for *tape*. Derimot blei eldre ord av denne typen med skriven *a* tilpassa til fonemet /e/: *Game*, *blazer* og *race* blei dermed til *gem*, *bleser* og *res*. I Oslo er nok også ordet *baby* blitt teke tidleg opp, for der er uttalen [be:bi] nokså vanleg. Elles i Noreg er dette ordet frå tida etter andre verdskrigen, og uttalen [bei:bi] er rådande.

Diftongen *oi* har i lengre tid funnest i uttrykket *hiv* og *hoi*. På 1900-talet har det komme til nokre fleire ord frå engelsk, f.eks. *boikott*, *koie*, *spoiler* og *soya* [soi:a], slik at ein no utan tvil må rekne dette som ein etablert, og ikkje lenger berre marginal diftong i norsk.

Dermed ser vi at vokalfoneminventaret er auka med berre *ai* og *oi* etter norrøn tid, og desse to kom eigentleg inn i språket før den anglo-amerikanske importbølga, men dei er blitt tekne mye meir i bruk etter at engelske importord begynte å strøyme inn i norsk.

### Konsonantar

Konsonantane skaper færre problem ved tilpassinga til norsk. Berre den engelske affrikaten [tʃ] fører til litt usikkerheit når han står initialt i ord. Denne lyden har ikkje norsk, men han har likskapar med affrikaten [çç], som står sterkt på Vestlandet (for *kj* i skrift). Her er det derfor ein sterk tendens til at ord som *charter*, *choke* og *chips* blir uttalte som [ˈçɑ:rtər, çɔ:k, çɪps]. Og dei vestlandsdialektane som har bytt ut affrikaten med den palatale frikativen i fonemapparatet sitt, får ofte [ˈçɑ:rtər, çɔ:k, çɪps]. Dette valet av norsk løysing kjem nok òg av at det i vestlandsk frå gammalt ikkje har vore nokon [ʃ]-lyd. Men dette tilpassingsmønsteret ser ut til å halde seg godt også etter at palatoalveolaren [ʃ] no har komme inn i dialekten. Det kan verke som det ligg ei viss tyngd i eit etablert tilpassingsmønster, sjølv om det er regionalt.

Austlandsk, som har hatt [ʃ] lenge og manglar [çç], har eit fast mønster med å setje inn [ʃ] for engelsk [tʃ] fremst i ord, sjølv om denne dialekten også har det fonetisk sett nærliggjande fonemet /ç/ (for *kj*) til disposisjon. Austlandsk får altså [ˈʃɑ:rtər, ʃɔ:k, ʃɪps]. Somme nye ord blir nok uttalte på engelsk, som *cheeseburger*, men sjølv det ikkje så gamle *chips* er alt no heilt norvagisert.

Dialektforskjellar kan gi ulike opptaksvilkår ettersom likskapen mellom dei aktuelle norske og utalandske lydane sjølvsagt er grunnlaget for kva mønster for samsvar som blir oppretta. Det er f.eks. ikkje opplagt kva fransk [ʒ] skulle svare til på norsk. I austnorsk ligg både [s] og [ʃ] nær; i vestnorsk var [s] og fonemkombinasjonen /sj/ mest aktuelle. Den "breie" s-en i vestlandsk blei brukt ein del før, slik at *logis* blei til *lossi*. I dag er ʃ-lyden kommen inn også i vestlandske dialektar slik som i f.eks. både *sjø* [ʃø:] og *prosjekt* [pruˈʃekt], og dermed er også uttalen [luˈʃi:] blitt vanleg.

### 3.2. Distribusjon

I ikkje-initialt posisjonar i ordet blir den engelske affrikaten [tʃ] bytt ut med [tʃ] eller [tʃ], som blir oppfatta som ein fonemkombinasjon på

norsk: *kløtsj/clutch*, *tøtsj/touch* blir til [kløʃ, tøʃ]. Etter *n* og *r* skjer tilpassinga til [ʃ]: *Klinsj/clinch* blir såleis til [klinʃ]. Men her støyter ein del språkbrukarar på litt vanskar. For sjølv om fonemet /ʃ/ finst over store delar av landet, har ikkje kombinasjonen [tʃ] vore gangbar, og derfor finn ein eksempel som [kløʃ] for *kløtsj*. Kombinasjonen [tʃ] viser at moderne norsk tilpassar seg litt etter engelsk ved å godta nye distribusjonelle mønster – der altså kvar enkelt lyd fanst frå før.

Ettersom vestlandsk stort sett har fått inn lyden [ʃ] siste tiåra, fungerer desse ikkje-initiale konsonantsambanda no som løysingar over heile landet. Men det er interessant å sjå at vestlandsk tidlegare måtte finne andre løysingar så lenge palatoalveolaren ikkje fanst. Ei løysing er jo uttalar som [kløʃs], dvs. at [ʃ] er omtolka til to segment, og slikt hører ein hos somme. Men her er framleis eit problem, for *j* har tradisjonelt ikkje kunna stå finalt. Derfor har det vore vel så vanleg å sløyfe *j*-en: *Vinsj* har ein eldre uttale som [vins] i vestlandsk, og *marsj* av engelsk *march* blei uttalt [mars]. Det vil seie at den engelske affrikaten blei kort og godt bytt ut med *s* etter annan konsonant.

Den fonotaktiske distribusjonen av [ʃ] er altså blitt meir omfattande under påverknad av importorda. Den gamle fonotaktiske restriksjonen mot final posisjon gjaldt i si tid i all norsk og viste seg før i bøyginga *hes* - *hesjar*, der *j*-en altså hadde falle i eintalsforma. Retrofleksen [ʃ] kunne derimot stå finalt, for dette er det fonologiske produktet av historisk *rs* i austlandsk og trøndersk: *vers* [veʃ]. Konsonantgruppa *rs* kan sjølvstøtt ikkje stå initialt. Men da lydane [ʃ] og [ʒ] fall saman, fekk vi eit fonem med tilnærma fri distribusjon. Dermed kunne vi også på 1960-talet ta inn ordet *hasj* utan problem, og ingen har kravd at det skal skrivast som "hars", som ville ha vore eit rimeleg krav etter eit eldre fonologiske mønster der /ʃ/ og /ʒ/ var ulike fonem.

Vi kan her rekne også den tradisjonelle palataliseringa av velarar som eit distribusjonelt fenomen. Denne fonologiske prosessen (i førstestaving) er i dag avvikla, og importorda er nok medskyldige. Heile avviklinga har teke lang tid, men sjølv framom *e* verka palataliseringa i dei litt eldre importorda *gevær*, *gebiss*, *sketsj*, som mangstad finst med uttalen [je'væ:r, je'bis, ʃets]. Og i ord som *kjeks*, *gjeng* (av engelsk *cakes* og *gang*) er jo palataluttalen heilt fast.

Lengst heldt palataliseringa seg framom *i*, *y* og *ei*, og såleis er *kino* uttalt berre med palatal, mens *gitar*, *keisar*, *keitete*, *kynikar*, *gidde*, *gissel* og *gymnas* kan ha både velar og palatal initialkonsonant i dei ymse dialektane. Nye importord vil derimot ingen finne på å bruke palatal *i*, som i *gir*, *gimmik*, *kidnappe*, *kikk* frå engelsk (= *gear*, *gimmick*, *kidnap*, *kick*) og *ginseng* og *kibbutz* frå kinesisk og hebraisk.

Det kan altså sjå ut til at fonotaksen er meir utsett for påverknad utafrå enn foneminventaret i språket. Men samtidig verkar tradisjonelle mønster styrande her òg. Vi ser f.eks. at dialektar som har "tjukk l", dvs. [ɫ], set inn denne lyden også i heilt moderne ord. Ein vanleg uttale av det engelske verbet *flirt* er [fɫøʔe], dvs. *flørte*. Endatil det heilt moderne *supplybåt* norvagiserer somme nordmenn til [sʉpɫy,bø:t]; men det ordet konkurrerer med det fornorska *forsyningsbåt*.

### 3.3. Kvantitet

Det vanlege mønsteret i norsk er at ein lang vokal ikkje kan ha meir enn éin kort konsonant bak seg i ordstammen. Derfor blir engelsk *raft* til norsk *rafte* med kort vokal. På same måten får også *starte*, *flørte*, *part* osv. kort vokal i dialektar som uttaler den postvokaliske konsonantismen som to segment. Dialektar som har retrofleksing av *r* + alveolar, har derimot berre éin konsonant etter vokalen i uttalen. Her ser vi derfor to mønster: Svært mange dialektar tolkar retrofleksane fonologisk som to underliggjande konsonantar, og dermed lét dei vokalen vere kort: [stɑʔe, ʃfɫøʔe, pɑʔ], mens andre, særleg på Sør-Austlandet, bruker lang vokal i slike ord.

Dei siste dialektane bruker dermed eit mønster som frå før fanst berre i bøygde ord, dvs. i ord av typen *rar*, som held på den lange vokalen frå ordstammen også i bøygde former: *rar+tt* [ra:tʰ]. Substantivet *start* [sta:tʰ] rimar i desse dialektane da på det bøygde adjektivet *rart* og ikkje det ubøygde substantivet *fart*. Såleis blir kvantitetssystemet litt skipla ved denne ufullstendige tilpassinga, for det tradisjonelle mønsteret formidla morfologisk informasjon ved å skilje mellom bøygd og ubøygd form.

### 3.4. Trykk og tonem

Moderne importord frå engelsk skaper få problem for trykkplasseringa i norsk, særleg fordi førstestavingstrykk står så sterkt i engelsk. Eldre lån frå romanske språk, av typen *avis*, har derimot fått to mønster ettersom austlandsk og trøndersk har halde svært konsekvent på det gamle mønsteret med førstestavingstrykk, slik at uttalen der er [avis], mens nordnorsk og vestlandsk følgjer den utanlandske trykkplasseringa [a'vis]. I desse dialektane er det romanske mønsteret så sterkt at både eldre og moderne importord frå engelsk føyer seg etter det gamle etablerte mønsteret. Derfor blir *parlament*, *intervju*, *komité*, *digital* og *allokere* uttalte med "romansk" trykk, altså som [parla'ment, alu'kere] osv.

Når importorda går inn i norsk morfologi, følgjer dei tradisjonelle tonemmmønster. For eksempel har *sykkel* og *single* [ˈsiŋel] (= 'plate med éin melodi på') tonem 1 i eintal. I fleirtal får slike ord bortfall av den trykklette vokalen, og da krev det tradisjonelle mønsteret at orda får tonem 2, jf. eit arveord som *vinter*–*vintrar* [ˈvinter ~ˈvintra]. Her krev vestlandske dialektar at også importorda følgjer same mønsteret: *syklar*, *singlar* [ˈsykla,ˈsiŋla]. Elles i norsk er det vanleg at slike ord held på tonem 1 gjennom heile bøyinga.

I all norsk får tostava verb tonem 2, f.eks. blir engelsk *fight* til *faite*

[ˈfaite]. Det same gjeld sjølvstagn også når vi får nomen agentis-avleiing, f.eks. *faitar* [ˈfaitar], og verbalsubstantiv, som *digging*

[ˈdigiŋ] av å *digge* (eng. *dig*). Substantiv som ikkje er produktivt laga verbalsubstantiv, viser ikkje dette mønsteret, slik at det heiter *dressing* med tonem 1, for det står ikkje til noko verb *dresse*. Også *kamping* har tonem 1, trass i at verbet *kampe* finst. Men dette viser nok nettopp at *kamping* ikkje er ei direkte avleiing, for substantivet blir helst brukt om 'kampingplass'.

To ord som språket nett no "strevar med", er *dumping* og *doping*. Dei har til vanleg tonem 1. Men vi har også fått inn verba *dumpe* (= 'selje i utlandet til lågare pris enn heime') og *dope*, så her ligg ein liten konflikt, som truleg endar med at tonem 2 sigrar. Det kan vere eit problem at det verbalsubstantiviske innhaldet ikkje alltid er like klårt, for bruken er mest knytt til uttrykket *bli teken for doping/dumping*. I ei

setning som *Ho blei oppdaga midt under dopinga av pasienten* blir det nok litt verre å bruke tonem 1, for her er avleiinga frå verbet tydelegare.

Eit heilt nytt fenomen, som kanskje dukka opp på 1990-talet, er at alt godt etablerte importord som sluttar på *-asje*, går over frå tonem 1 til tonem 2, dvs. at f.eks. *lekkasje* og *reportasje* får uttalen [le'ka:ʃe, repu'ta:ʃe]. Desse orda har levd i fleire generasjonar i norsk med tonem 1, og vi har rekna dei som godt tilpassa i uttalen. Men ein kan seie at fleirstava ordstammar mest normalt har tonem 2 i heimlege ord, slik at desse orda blir enda betre tilpassa med det nye tonemmmønsteret sitt.

Suprasegmentale drag ser altså ut til å halde godt på dei tradisjonelle mønstra. Dei romanske importorda representerte kanskje eit større problem i si tid.

### 3.5. Morfologisk

Den morfologiske tilpassinga ser ut til å vere lite problematisk. Alle verba må føye seg etter norsk språkstruktur. I substantiva er det tilløp til at dei nyaste engelske importorda får *-s* i fleirtal i første importfasen, men *s*-fleirtal har ikkje etablert seg som nokon bøyingskategori i norsk. Eit ord som *work-shop* vil nok oftast heite *work-shop-ar* i fleirtal. Sjølv dei fire orda som etter skriftnorma skal ha *-s* i fleirtal, blir i talemålet oftare bøyde annleis; *ein slide* - *fleire slides* blir nok i praksis omtalt som *slides* [slaidz] også i eintal, om ein ikkje seier *lysbilde*.

Einaste påverknaden frå engelsk vi kan finne i det morfologiske systemet, gjeld dei orda som har teke den engelske fleirtals-*s*-en inn i ordstammen, som *pins*, *longs*, *kjeks* osv. Dei kan i skriftmålet oftast ha val mellom normal fleirtalsending og 0-ending, altså mellom *fleire pinsar* og *fleire pins*. I talemålet blir begge bøyingsmåtane brukte, så vi må framleis vente på at framtida viser om den eine sigrar.

I adjektiva kjem fleirtals-*e* automatisk inn: *tøffe* og *seife*. I nøytrum eintal er det meir vakling, men *tøft* er heilt fast, og tendensen til regelrett *-t* er nok så sterk at ein kan vente at forma *seift* også vil feste seg.

## 4. Fasar i tilpassinga

### 4.1. Fasar på ordplanet

Som nemnt under seksjon 2 er første fasen i importen prega av stor ustøe i uttalen, men jamt over festnar uttalen i eit tradisjonelt mønster. Når eit nytt ord kjem, vil kanskje kvar språkbrukar prøve seg litt fram. Da ordet *nylon* blei aktuelt, sa vi stundom ordet med *ai* og stundom med *y*. Men etter kvart som fenomenet og ordet blei vanleg, sigra *y*-en. Språkbrukarane endra språkvanane sine. Same historia gjeld truleg for *jus* (av engelsk *juice*), som lenge blei uttalt med engelsk [dʒ]. I dag har uttalen med norsk *j*- teke over – utanom hos flyvertinnene. *Jus* blei registrert første gong i 1961 i norsk, *nylon* på 1940-talet (Leira 1982).

Dei fleste uttaler nok framleis *taksi* som [ˈtæksi] eller [ˈtɛksi], mens ein uttale [ˈmaksɪˌtæksi] for *maksitaksi* blir oppfatta som litt komisk; her er [ˈmaksɪˌtaksi] meir akseptabel. Tilpassinga kan altså vere begynt. Vi kan sjå fasar i slike utviklingar: *Jass* blei i si tid uttalt som både [ˈdʒæs] og [ˈjes]. Framleis kring andre verdskrigen hadde ikkje uttalen av dette ordet stabilisert seg. Men i dag hører ein berre [ˈjas], ja, også *jam* og *band* er blitt heilt vanlege med fullnorsk uttale [ˈjam, ˈban]. Ordet *football* har gått frå [ˈfʊtbɔl] kring 1900 via [ˈfʊtbɔl] eller [ˈfʊtbal] til det heilt tilpassa [ˈfʊtbal] eller [ˈfʊtbal].

Denne lange tilpassingstida kjem nok av at tilpassinga ikkje berre dreiar seg om at språkbrukaren skal stabilisere sin individuelle vane, det er meir tale om å skape ei kollektiv norm. Det bruker å ta tid. Vi kunne her samanlikne med den vanlege røynsla at det tek tre generasjonar å utvikle ein ny stabil dialekt f.eks. på heilt nye industristader (Sandøy 1987:250 f.). Dessutan kjem dét til at importorda særleg i første fasen er ein sosial markør ved at det er viktig å vise at ein kjenner til og meistrar både sjølv namnet og emnet. For eksempel er *snowboard* meir enn eit ord, det hører til ein prestisjesport hos ungdomen. Ordet er ikkje eit "normalord", det har ei mengd konnotasjonar utanom den lydlege forma.

Når vi skal studere og tolke importordstilpassinga, må vi vere oppmerksame på denne tilpassingsprosessen. Det vil seie at heilt ferske

ord ikkje kan tolkast som stort meir enn illustrasjonar på tilpassingsproblema, dei viser ikkje kva løysing som kjem til å sigre.

### 4.2. Historiske fasar

Korleis eit ord blir tilpassa norsk talemål, er nok avhengig av avstanden mellom opphavsform og norsk språkstruktur. Det er naturleg at uttalen tilpassar seg dei fonema og fonotaktiske mønstra som ligg nærast den opphavlege uttalen. Men samtidig går det altså føre seg ei tilsliping også av sjølv språkstrukturen, slik at det målet som tilpassingane skjer i retning av, ikkje er fast. Dermed vil også tilpassingane vere ulike i ulike historiske fasar av språket.

Tydelegaste mønsteret for dette såg vi under seksjon 3.1. når det gjaldt engelsk kort [æ], men vi har noko tilsvarende i diftongane: Før 1900 var det få ord med *ai* i norsk, og derfor kom *teite*, *spleise*, *streike* og *splittkein* inn med *ei*. Det same skjedde med det engelske *skylight*, som blei til m.a. [ˈʃeɪlɛɪt] i norsk. Ved utgangen av 1900-talet var derimot *ai* blitt så vanleg at det engelske substantivet *tights* blei teke inn som [ˈtaɪts]. Diftongen *ai* er blitt ein normaldiftong pga. dei moderne importorda, og det er eigentleg ei språkstrukturell endring. Ei tid tok ein også inn bokstavuttalen *ai* frå engelsk: Ordet *trailer* er første gong registrert i 50-åra, *raid* er brukt alt før krigen, og *spray* er første gong registrert i 1954 (Leira 1982). Når dei nyaste importorda med engelsk skrivemåte *ai* og *ay*, jf. *display* (registrert første gong i 1965), går berre til *ei*-uttale på norsk, kjem det truleg av at kjennskapen til engelsk talemål er blitt større.

Historisk sett er det alltid spennande kva som kjem til å endre seg: importorda eller det heimlege språkssystemet. Importorda representerer alltid kimar til språkending. Ein aktuell illustrasjon er nokre tilfelle på Sør-Austlandet der den engelske diftongen blir uttalt som trong [ei] i motsetning til den opnare søraustlandske [æi], altså [meil] *mail*, men [sæin] *sein*. Teoretisk sett kan dette vere første fasen i opptaket av ein ny diftong. Den alternative tolkinga er at orda enno er så nye at dei blir opplevde som engelske, og mange meistrar jo engelsk nokså bra i vår tid. Når dette særpregar berre søraustlandske informantar, kan det truleg bety noko at den tradisjonelle diftongen *ei* i talemålet her er nokså open og dermed tydeleg annleis enn den ein lærer å bruke i

engelsk uttale. Men for oss nordmenn med ikkje-austlandsk dialekt verkar det utruleg at vi skulle få inn ein ny *ei*-diftong; vi bruker vel heller vår tradisjonelle norske også når vi meiner at vi snakkar engelsk. Men "time will show".

Opptaksmønsteret kan også endre seg på grunn av at givarspråket endrar seg. Orda *kvekar*, *potet* og *kjeks* svarer til engelske ord som i dag har diftongen [ei]. Her kunne ein ha forklart den norske *e*-en med manglande kunnskap i engelsk da ordet blei teke inn. Men det er meir sannsynleg at det er den eldre monoftonguttalen i engelsk som er forklaringa, altså [ke:ks]. (Ljung 1988: 12 viser til at svensk *kväkare* er inn på 1600-talet.) Det same gjeld truleg òg for monoftonguttalen i *trene*, *race*, *baby*, *bacon*, *blazer*, og truleg også i *handbrekk* for engelsk *handbrake* (jf. Hansen & Lund 1994: 97). Ein slik tilpassingsstrategi kunne også leve ei stund etter at engelsk hadde fått utvikla diftong. I dag rår derimot opptaksmønsteret med *ei*.

## 5. Konklusjon

Importorda er ei kontinuerleg utfordring for språkssystemet – eller for språksamfunnet og brukarane. Den spontane tilpassingsprosessen viser at språket har behov for ein klår struktur. Ovafor har vi sett at det i norsk skjer svært lite når det gjeld det morfologiske systemet, dei suprasegmentale draga og foneminventaret, som held seg stabile, mens dei fonotaktiske mønstra toler betre litt omkalfatringar.

Men endringane er nok ikkje berre eit produkt av språkleg struktur. Det menneskelege medvettet verkar også inn, både det at ein viss uttale har sosial prestisje til eit gitt tidspunkt, og – på den andre sida – at det sosiale miljøet vil reagere mot for "jålete" uttale. Dette er sosiolingvistiske verdiar eller krefter. Dessutan kan ein rekne med at også det kognitive verkar inn, slik at det å ha etablert ein diskusjon og ein refleksjon kring kva ein gjer med importorda, kan styrkje tilpassingsprosessen. Dei omgrepa som det kollektive medvettet og kulturen fokuserer på, kan påverke dei mønstra kvar enkelt av oss observerer og føyer oss etter. Dermed er ikkje tilpassinga av importord eit spørsmål berre om språkleg natur, det er òg eit spørsmål om kultur.

Når ein erkjenner at tilpassinga skjer etter mønster – dvs. så tydeleg at ein med ei viss sikkerheit kan spå korleis resultatet av tilpassinga

kjem til å bli – kan ein våge seg til å vere proaktiv i tilpassingsprosessen. Det var det Norsk språkråd vedtok å vere da det i 1998 vedtok detaljerte retningslinjer for korleis det skal norvagisere moderne importord. Ein treng ikkje lenger vente på at det har etablert seg ein "dominerende uttale". Dei siste åra er det derfor vedteken norvagisert skrivemåte i ei mengd heilt moderne importord. I 2000 bestemte rådet at f.eks. *pierce* kan skrivast *pirse* på norsk, og det vil også seie at det skal kunne uttalast [ˈpiʃe]. Ordet var blitt svært aktuelt i siste delen av 1990-talet, men knapt nokon yngre personar brukte den norske uttalen i norsk. Men Språkrådet ønskte å vise veg.

Ved å følgje desse retningslinjene kan ein håpe at sjølve skrivemåten er med å påverke uttalen og såleis effektivisere tilpassinga og tilpassingsmønstra. Ein kan hevde at ein på denne måten ikkje fullt ut lit på at språkssystemet ordnar opp spontant, ein prøver medvete å hjelpe til. Det finst sjølvsagt ikkje eit språkvitskapleg grunnlag for at ein skal gjere slikt, denne politikken byggjer på den premissen eller verdien at det er pedagogisk og sosialt positivt at vi har eit stabilt språkssystem. Språkpolitikk er jo både språkvitskap og politikk.

I dette arbeidet må ein også rekne med å gjere fånyttas strev. Ordet *pirse* kan f.eks. vise seg å vere ei døgnfluge; mistankane er blitt sterke det siste året. Men dét må språkrøktarbeidet leve med. På 1980-talet diskuterte ein ivrig skrivemåten av *fastback* og *hotpants*, i dag har vi knapt bruk for orda. Men største verdien låg knapt i desse konkrete orda, heller i at det blei ført ein diskusjon.

Uttalen i typen *bagg* og *taksi*:

□ *bagg* rimar på vegg

▨ *bagg* har opnare vokal enn vegg

▩ *bagg* er uttalt med /a/ og rimar på *tagg*



Litteratur

- Grønvik, Oddrun 1991. Lånordsproblemet i norsk. Gruppering og systematisering av lånorda og ulike måtar å ta stilling til dei på i normeringa. I: Sandøy, Helge o.fl. (red.): *Språkideologi og språkplanlegging i Noreg*, s. 141–162. Bergen: Nordisk institutt.
- Hansen, Erik & Jørn Lund 1994. *Kulturens Gesandter. Fremmedordene i dansk*. København: Munksgaard.
- [Leira, Vigleik] 1982. *Nyord i norsk 1945–1975*. Oslo: Universitetsforlaget.
- Ljung, Magnus 1988. *Skinheads, hackers & lama ankor. Engelskan i 80-talets svenska*. Stockholm: Trevi.
- Lundeby, Einar 1987. "Prinsipper for normering av fremmede ord." Foredrag på årsmøtet åt Norsk språkråd 22–23.1.1987.
- Sandøy, Helge 1987. *Norsk dialektkunnskap*. Oslo: Novus.
- Sandøy, Helge 1997. *Lånte fjører eller bunad? Om norsk skrivemåte av importord*. Oslo: Norsk språkråd.
- Stene, Åsta 1945. *English loan-words in Modern Norwegian. A study of linguistic borrowing in the process*. London: Oxford.



# VÅRA SPRÅK I TID OCH RUM

Redigerade av  
Marianne Blomqvist

under medverkan av  
Mirja Saari och Peter Slotte

Meddelanden från  
Institutionen för nordiska språk och nordisk litteratur  
vid Helsingfors universitet  
utgivna genom Mirja Saari

B:21  
2001